



Eit 50 tals personar kom i Dønhaugkjedlaren for å høyra Pederen med bassen.

**Borti 50 personar fann vegen til Dønhaug i går kveld for å høyra Tore Nordahl-Pedersen. Artistnamnet er Pederen med bassen og repetoaret er alt frå 60 tals Elvis til J J Cale og Eric Clapton. Teddybjørnens vise solo av Alf Prøysen er ikkje vanleg på ein pub, men Tore likar teksten og gjestene i Dønhaugkjedlaren sette pris på framføringa.**

Tore Nordahl-Pedersen har funne sin stil. Han lagar kompet sjølv og legg på bass og vokal. Det fungerer fint, særleg på ein plass som i Dønhaugkjedlaren der det er ein lun og triveleg atmosfære. Tore debuterte i Uskedalen hausten 2018. Konserten i går var den andre og vi reknar med det kjem fleire. Tore er også korsongar i Røysterett for Alle og bassist i gruppa Rustne Menn.

Med 10 låtar i kvart av dei tre setta vert det tilsaman borti 30 songar, alt frå Jonhhy Cash og hippymusikk av Peeter Green på 1960 talet til framføringa av Bad Things frå 2009. Vi må ikkje gløyma latinrocken, Santana og Susannah i ei framføring det publikum står, klappar og syng med på refrenget.

Pederen med bassen er uformell. Han har ein lett og ledig kontakt med publikum. Oppmodinga hans i starten om at her må alle kosa seg, slappa av og gjerne ta ein dans vert godt motteke. Berre etter nokre få melodiar er det danseglade menneske på golvet.

Vertsskapet på Dønhaug, Anne Berit og Magne Huglen, hadde 45 års brudlaupsdag i går. Det vart markert med tale og fagnad.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal